


ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

| | |
|------------------|-------------------------|
| Dato | 07.08.2023 |
| Vår referanse | 2023/69914-1 |
| Dykkar referanse | |
| Sakshandsamar | Trond Olav Wahl |
| E-post | Trond.Olav.Wahl@vlfk.no |
| Telefon | 40916223 |

Eide Fjordbruk AS - Søknad om utviding lokalitet Langøy i Alver kommun

Vestland fylkeskommune send med dette søknad frå Eide Fjordbruk AS motteke 31.07.2023 om endring og auke av maksimal tillaten biomasse på lokalitet Langøy i Alver kommune.

Lokaliteten er i dag klarert for MTB på inntil 4680 tonn. Søknaden gjeld utviding av lokalitetsbiomasse med 3600 tonn der omsøkt auke skal skje i lukka merdar med oppsamling av partikulært materiale/slam. Dei søkjer om å kombinere 5 tradisjonelle merdar på lokaliteten med 5 lukka merdar. Utviding av lokalitets MTB vert omsøkt innanfor gjeldande anleggskonfigurasjon og innanfor allereie klarerte ytterpunkt/flate som er registrert i akvakulturregisteret.



Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Søkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Søknaden inneheld straummåling og det er bestilt forundersøking. Denne vert etter sendt nå den er ferdig

Dersom berørte parter meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og disse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter utlysning.

Vestland fylkeskommune ber om at Alver kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentlig ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Av konkurransemessige årsaker må vedlegga 22 til 29 inntil vidare vere heilt unnateke offentliggjering.

Eventuelle merknader frå offentlig ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

Trond Olav Wahl
seniorrådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift